

Informasjon frå pleie - og omsorgstenesta i Valle kommune

Pleie- og omsorgstenester på rett nivå

Vi som er leiarar i pleie- og omsorgsavdelinga ynskjer å gi informasjon gjennom Bygdenytt for å nå innbyggjarane i Valle kommune, med informasjon om endringar i pleie- og omsorgstenestene.

Informasjonen er tufta på Samhandlingsreformen (2012-2015) og Stortingsmelding 29, morgendagens omsorg (2012-2016)

Kommunestyret i Valle har vedtatt plan for pleie- og omsorg (2013-2020) Føringane i Stortingsmelding 29 og i Samhandlingsreformen er i samsvar med plan for pleie- og omsorg.

I planen er det bestemt at ein skal byggje opp kapasiteten i heimesjukepleia og byggje ned talet på langtids plassar ved Valle Bygdeheim. Det vert ein gradvis reduksjon frå 33 plassar i 2010 til 20 plassar i 2015. Av desse 20 plassane vil det vere 15 langtids plassar og 5 korttids plassar. I takt med nedbygginga skal det byggjast nye omsorgsleiligheiter med lett tilgang til Bygdeheimen.

«Omsorgstrappa»

Tenestetilbodet til pleie- og omsorgsavdelinga er delt på open omsorg og opphald ved Valle Bygdeheim. Ein kan sjå for seg tilbodet som ei trapp, der dei nedre trinna er heimetenester og dei øvste er opphald i institusjon.

For at hjelpetrengande skal få hjelp på rett nivå , skal ein fyrst tilby tenester nedst på «omsorgstrappa». Tenester nedst på trappa kan vere heimesjukepleie, matombering, fysioterapi i heimen, korttidsopphald og ymse hjelpemiddel i heimen.

Det er viktig å gjere gode vurderingar slik at Valle Bygdeheim til ei kvar tid har plass til dei som har behov for pleie- og omsorg i institusjon. Det skal fyrst vurderast/prøvast ut om det er tilstrekkeleg å tilby andre tenester før ein får vedtak om langtidsopphald på Valle Bygdeheim.

Valle kommune er gjennom samhandlingsreforma forplikta til å ta i mot pasientar som vert skrivne ut frå sjukehus til Valle Bygdeheim. Valle Bygdeheim er forplikta til å ta imot pasientar på kort varsel når sjukehuset vurderer at pasienten er ferdigbehandla hjå dei.

Lege kan leggje inn pasientar på korttidsopphald som eit akutt tiltak (inntil 3 dagar) Etter avslutta akutttopphald vil det bli vurdert om det er behov for å fatte vedtak om korttidsopphald dersom det framleis er behov for heildøgns pleie- og omsorg i institusjon.

Valle Bygdeheim skal tilby langtids plassar til dei som ikkje lenger kan bu i eigen heim med hjelp frå heimetenesta.

I tillegg skal Valle Bygdeheim ta imot pasientar til avlastning for pårørande som har krevjande omsorgsoppgåver. Pleie- og omsorgsavdelinga skal og kunne tilby rehabilitering i institusjon eller i heimen.

Det skal byggjast nye omsorgsleiligheiter med lett tilgang til Bygdeheimen. Desse nye omsorgsleiligheitane skal vere eit tilbod for dei som ikkje har behov for langtidsopphald på Bygdeheimen, men som har behov for lett tilgang til tilbod som arbeidsstove, underhaldning, trimgruppe, måltid m.m. Bebruarane kan få tenester frå både heimesjukepleia og andre tenester som til dømes dagleg middagsombering.

For å få ei teneste frå pleie- og omsorgsavdelinga, må ein søke. Søknad om heildøgnsopphald i institusjon eller omsorgsbustad vil bli vurdert av inntaksnemnda. Inntaksnemnda er samansett av tilsynslegen ved Valle Bygdeheim, leiar for pleie- og omsorgsavdelinga , avdelingssjukepleiar for open omsorg , avdelingssjukepleiar ved Valle Bygdeheim og fysioterapeuten som jobbar ved Valle Bygdeheim.

Søknadsskjema finn ein på Valle kommune si nettside, eller ein kan kontakte Velkomstsenteret på telefon: 37 93 75 00

Dersom det er tale om heimesjukepleie eller ulike hjelpetilbod i heimen, vert behovet vurdert av heimesjukepleia.

På Valle kommune si heimeside finn ein oversikt over kva ein kan søkje på av tenester frå pleie- og omsorg, og om kriteriene som vert lagt til grunn for å få tildelt dei ulike tenestene.

Vi svarar gjerne på spørsmål. Du er velkomen til å ta kontakt med pleie- og omsorgsavdelinga på telefon 37 93 76 00

Du finn telefonnummer til dei einskilte avdelingane på Valle kommune si nettside, eller du kan ta kontakt med Velkomstsenteret på telefon:

37 93 75 00, for å få hjelp.

Valle 06.01.14

På vegne av inntaksnemnda i pleie- og omsorg

Unn-Merethe Nordby

Leiar pleie- og omsorg